



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 17.03.2015  
Vår ref.: 2015/1426-2  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.:

## Tidsdifferensierte bompengar - melding om vedtak

Fylketinget handsama 10.3.2015, sak 10/215, og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget går inn for å tidsdifferensiere bompengetakstane i bomringen i Bergen, med sikte på oppstart seinast 1. januar 2016. Bompengereordninga i Bergen held elles fram som før, i samsvar med Prop. 143 S(2012-2013).
2. I rushtida måndag-fredag kl. 06.30-09.00 og 14.30-16.30 vert taksten fastsett til kr. 45 for liten bil og kr. 90 for stor bil. Utanom rushtida vert taksten fastsett til kr. 19 for liten bil og kr. 38 for stor bil (2015 kroner).
3. Bystyret i Bergen og fylkestinget i Hordaland må få fullmakt til å gjere naudsynte justeringar i bompengetakstane eller periodane med tidsdifferensiering, om den nye ordninga medfører vesentlege avvik frå inntektsmålet i Prop. 143 S (2012-2013). Lokale fullmakter må fastsetjast i stortingsproposisjonen om tidsdifferensierte bompengetakstar.
4. Tidsdifferensieringa gjer det truleg naudsynt å auke kapasiteten for kollektivtrafikken i Bergen. Fylkestinget legg opp til at belønningsmidlane, som det no er søkt om, i første omgang kan nyttast til å finansiera ein slik kapasitetsauke. Vidare vil fylkestinget søkje nødvendig finansiering av auka kollektivtransporttilbod i den komande bymiljøavtalen, ved statleg tilskott eller eventuelt gjennom å revidere bompengereavtalen i Bergen. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje fram sak om auka kollektivtilbod og finansiering, for handsaming i fylkestinget juni 2015.
5. Ordninga med tidsdifferensierte bompengar skal evaluerast etter eitt år.
6. I arbeidet med eventuelle endringar for å nå måla, må andre modellar for tidsdifferensierte bompengar vurderast, herunder den langsiktige modellen i rapporten "Køprising i Bergensområdet? Hovedresultater, konklusjoner og anbefalinger" frå Urbanet Analyse (2009), samt miljødifferensierte modellar.

Thorbjørn Aarethun  
seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Bergen kommune

Vedlegg

1 Saksframlegg